

Invitasjon til Distriktsleir 2024



Høymolen 4H vil ynskja velkomen til distriktsleir i Granvin. Leiren vert ved skulen. Matsservering vert i ungdomshuset «Trudvang».

Ein kjem til leirstaden fredag ettermiddag frå kl.17.30 og leiren varer til sundag ca kl.10.30

Kven: Aspirantar, 1. og 2. årsjunior, dvs fødd 2011, 2012, 2013, 2014.

Tid: 7.-9. juni

Stad: Granvin barne- og ungdomsskule

Pris: 650,-. Dette dekker mat, opphald og aktivitet, merk at nokre kurs har eigenandel. Sjå kursoversikt.

Viktig: Når de melder dykk på, -skriv fyrste, andre og tredje val.

Reise: De har sjølv ansvar for å koma dykk til leirstaden.

Info: Liste over deltakarar, aktivitetar og kursavgift vert sendt ut til klubbane i forkant av leiren. Kvar klubb krev inn påmeldingsavgift, og betalar samla for sine deltakarar.

Vaksne: Minst ein vaksen pr 7.deltakar frå kvar klubb. Gratis for leiarar. Me kjem og tilbake med spørsmål til leiarane som er med under leiren om dei kan vera med på nokon av aktivitetane.

Andre aktivitetar: diskotek med aktivitetar/konkurransar.

Det vert ein kiosk laurdag kveld. Vipps og kontant.

Ta med ein liten tursekk og drikkeflaske

Påmelding klubbvis innan 22.mai.

Spørsmål og påmelding til: berit.irene.f@gmail.com , 908 23 642 eller bryneorstavik@gmail.com, 901 33 975

Helsing Høymolen 4H



Aktivitetar

Fotball: Her vert det fotball på kunstgrasbanen ved skulen. Passar for alle uansett nivå.

Riding og hestestell: Me besøkjer Inn på tunet garden på Vindal. Her får du stella hest og prøva å ri på ridebanen. Det vert også innføring i hestekommunikasjon og ulike bakkeøvelsar. Det vert også tid til kos, fôring og stell av dei andre dyra på garden. Eigenandel: 200,-

Skyting: Grunnopplæring i sikkerheit og sikker skyting på bane. Du får skyta innandørs på 15m bane. Instruktørar frå Granvin Skyttarlag. Eigenandel: 100,-

Matlaging: Me lagar ein middagsrett og bakar bollar. Eigenandel: 100,-

Skogstur: Me går til Flataneset med utsikt over Granvinsfjorden. Lett tur.

Sykkeltur: Me sykklar på gang og sykkelvegen, og vidare til Skjervsfossen. Me går turstien opp på toppen av fossen.

Sløyd: Her får du laga di eiga verktøykasse. Eigenandel: 100,-

Ballspel: Det vert sandvolleyball og andre aktivitetar på badestranda.

Handbak/Pil og boge: Her kan du prøva handbak med instruktørar frå Hardanger Handbakklubb. I tillegg vert det mulig å skyta på blink med pil og boge.

Folkedans: Her får du læra seg ulike folkedansar. Instruktørar frå Hardanger Spelemannsalg.